



Kommunane i  
Sogn og Fjordane og Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Innsending av rekneskap for 2018

Vi minner om at kommunane skal sende årsoppgjeret for 2018 til Fylkesmannen etter at kommunestyret/bystyret har gjort sitt vedtak, jf. § 11 i forskrift om årsrekneskap og årsberetning. For dei kommunane som har kommunale føretak, gjeld det same, jf. forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak.

Vi ønskjer at dokumenta vert sendt elektronisk til [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)

For kommunar som legg fram drifts- og kapitalrekneskap på artsnivå, er det ikkje nødvendig å sende inn denne delen av rekneskapen.

Spørsmål om sjølve innsendinga kan rettast til arkivtenesta, tlf. 57 64 30 57.

Følgjande dokument skal vere med:

- Årsrekneskapen
- Årsmelding/årsberetning
- Revisjonsmelding
- Fråsegn frå kontrollutvalet
- Sakstilfang for formannskapet og kommunestyret med innstilling og vedtak

Som kjent skal kommunestyret gjere sitt vedtak innan 30. juni.

Med helsing

Anne Kristin Eitungjerde  
seksjonsleiar

Marit Lunde  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*